

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/23	Formannskapet	PS	29.03.2023
024/23	Heradsstyret	PS	12.04.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	20/1665

Kleiveland Gard - utviding av skjenkeareal på eksisterande skjenkeløyvet for perioden 2020-2024

Vedlegg:

Søknad - Serverings- og/eller skjenkebevilling

Tilleggsinformasjon om Fjøset - Søknad om utvida areal for skjenking av alkohol, klasse 1 og 2

Rapport - Firesafe

Fjøset - bilde 1

Fjøset - bilde 2

HS06420 - Kleiveland Gard - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard 1.etg “Fjøset”.

Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.

Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45

Styrar: Erling Kleiveland.

Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.

Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 12.04.2023 – 30.09.2024.”

Formannskapet - 021/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard 1.etg “Fjøset”.

Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.

Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45
Styrar: Erling Kleiveland.
Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.
Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 12.04.2023 – 30.09.2024.

Heradsstyret - 024/23

HS - behandling:

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

HS - vedtak:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard 1.etg “Fjøset”.

Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.
Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45
Styrar: Erling Kleiveland.
Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.
Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 12.04.2023 – 30.09.2024.”

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Kleiveland Gard har eit eksisterande løyve for skjenking av alkohol for låve/selskapslokale og utandørs område jf. HS064/20 den 02.09.2020:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gitt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk, gruppe 1 og 2 for Kleiveland Gard, for deltakarar i slutta lag.

*Løyvehavar: Kleiveland Gard, org.nr 915 633 935.
Dagleg leiar: Erling Kleiveland, f. 23.07.45
Styrar: Erling Kleiveland. Stedfortredar Ingfrid Andersen, f. 02.03.50 vert godkjende.
Type verksemd: Selskapslokale/gardsturisme/servering i perioden 01. april – 31. Oktober*

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2:

kl. 08.00 – kl. 01.00.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00.

Løyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.”

Kleiveland Gard søker no om utviding av eksisterande skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Dei ønskjer å nytte restaurert fjøs i 1.etg av driftsbygningen. Dette omfattar eit areal på 65 m2. Sjå vedlagt skriv og bilete av lokalet for meir informasjon om det nye lokalet.

Kommunen har vore i kontakt med søker og fått bekrefta at areal det no vert søkt om har eige inngang/utgang. Det er heller ikkje innvendig trapp mellom etasjane sjølv om det ligg i same bygg som allereie har løyve. «Fjøset» i 1.etg må difor sjåast som eit sjølvstendig lokale og må ha eit sjølvstendig løyve, jf. Alkohollova § 4-2 fjerde ledd.

Søkar har også i samtale med kommunen informert om at han ønskjer å endre på søknad til å berre gjelde opningstidspunkt til kl. 01:00, ikkje kl. 02:00 slik det står i søknad. I tillegg informerte søker om at verksemda berre driv med arrangement i perioden april-oktober.

Skjenkested: Selskapslokale

Driftskonsept: inneservering i perioden april-oktober

Sitteplasser: 40 stk

Areal: 65 m2

Forvanta mengde omsatt alkohol pr år: ikkje oppgitt

Ønskja skjenketid: kl. 08-01

Søknaden er send til politiet og sosialtenesta til uttale. Dei hadde ingen merknader.

Vurdering

Rådmannen kjenner så langt ikkje til tilhøve som tilseier avslag på søknaden, og ein vil difor tilrå godkjent løyve i samsvar med søknad. I rådmannen si tilråding er skjenke- og opningstider fastsette i samsvar med ny alkoholpolitisk handlingsplan. Kleiveland gard har eit litt anna driftskonsept enn dei andre skjenkestadene i kommunen og dei har i tillegg berre arrangement i delar av året. Dei har difor ein låg omsetjing av alkoholhaldig drikk med omsetjing for 2022 på 24 liter for gruppe 1 og 23,25 liter for gruppe 2.

Hovudregelen i alkoholhollova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningsliner for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken.

Rådmannen vil rå til at nytt løyve vert gitt innanfor det tidsrommet eksisterande løyve for Kleiveland Gard har og at det difor vert gitt med ein utløpsdato: 30.09.2024. På denne måten held ein fortsett fast ved løyveperiodar på 4 år og med handsaming etter kvart kommunestyreval.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for formannskapet til handsaming og innstilling til heradsstyret